

Kvartalsrapport

pr. 30.09.2016

KVARTALSRAPPORT PR. 30.09.2016

Resultat

Banken har pr. tredje kvartal 2016 oppnådd ein rentenetto på 40,8 mill. kr. Rentenettoen utgjør i prosent av gjennomsnittleg forvaltningskapital (gfk) 1,75 %. På same tidspunkt i fjor var rentenettoen 41,9 mill. kr og i prosent av gfk 1,88 %. Det er i hovudsak to forhold som forklarar reduksjonen i rentenetto. Luster Sparebank har lagt om forvaltning av likviditetsportefølja. Tidligere investerte Luster Sparebank i hovudsak i obligasjonar med fortrinnsrett. Avkastning på desse papira er definert som rente og blir inntektsført som ein del av rentenettoen. For å få betre risikospreiing har Luster Sparebank gått over til å investere likviditetsportefølja i pengemarkeds- og obligasjonsfond. Avkastning på desse investeringane er definert som utbytte og er ikkje med i rentenettoen. Eit anna forhold som reduserer rentenettoen er den sterke konkurransen på utlån som presser utlånsrentene.

Netto andre driftsinntekter har auka med 7,0 mill. kr i forhold til same tidspunkt i fjor.

Det er fleire årsaker til auken. Visa Europe Ltd. er blitt solgt til Visa Inc. Visa Norge FLI var deleiger i Visa Europe og fekk dermed sin del av salsvederlaget. Kontantdelen av salsvederlaget har Visa Norge FLI igjen delt ut til sine eigarar. Som deleigar i Visa Norge FLI har Luster Sparebank dermed kunne inntektsføre kr 2,2 mill. som utbytte pr. 30.09.2016.

Likviditetsportefølja plassert i obligasjonsfond og avkastninga på denne er blitt inntektsført som utbytte jf. avsnitt om rentenetto. I tillegg har vi oppnådd bonus i samband med skadeforsikringssal for Frende.

Sum driftskostnader har gått ned med 1,3 mill. kr i forhold til same tidspunkt i fjor. Hovudårsaka er reduserte IT-kostnader. Vi har med verknad frå 01.01.2016 ny avtale med Evry AS som er hovudleverandør på IT-sida.

Driftsresultat før tap er på 31,3 mill. kroner som er ein forbetring med 7,2 mill. kr samanlikna med 30.09.2015 då driftsresultat før tap var på kr 24,1 mill. kr. Framgangen skuldast som forklart over høgare avkastning på verdipapir og lågare IT-kostnader.

Tap på utlån og garantiar er berekna litt høgare enn i fjor. Luster Sparebank realiserte anleggsaksjar første halvår 2015 med ein gevinst på 6,5 mill. kr. Så langt i 2016 er det ikkje realisert anleggsaksjar.

Dette gjer at resultat før skatt pr. 30.09.2016 er 0,3 mill. svakare enn på same tidspunkt i fjor. Etter skatt er resultatet pr. 30.09.2016 på 21,4 mill. kr.

Balansen

Banken sin forvaltningskapital pr. 30.09.2016 var på 3.157,3 mill. kr. Veksten siste året er på 93,3 millionar kr (3,1 %). Forretningskapital som også inkluderer lån overført til Verd Boligkreditt AS er pr. 30.09.2016 på 3.679,3 mill. kr. Veksten i forretningskapital siste året er på 236,8 mill. kr eller 6,9 %.

Utlån til kundar på eigen balanse er bokført med 2.618,1 mill. kr. Veksten siste året er på 136,5 mill. kr eller 5,5 %. Utanfor balansen har banken pr. 30.09.2016 overført kr 521,9 mill. kr. til Verd Boligkreditt AS. På same tidspunkt i fjor hadde banken overført 378,5 mill. kr. Samla utlån inkludert overførte lån til Verd Boligkreditt AS har dermed siste året auka med 279,9 mill. kr eller 9,8 %. Utlånsvolum på eigen balanse pr. 30.09.16 var fordelt med 26,8 % på næring og 73,2 % på personmarknad og offentleg sektor.

Innskott frå kundar er bokført med 2.340,3 mill. kr. Veksten siste året er på 61,2 mill. kr eller 2,7 %.

Banken har langsiktig lånt inn 175 mill. kr frå andre finansinstitusjonar. Banken har uteståande obligasjonar og sertifikat for 199,6 mill. kr. Låneavtalane har restløpetid på mellom 5 månader og 3 år. Bankens innskotsdekning er 89,4 %. I dette nøkkeltalet er lån overført til bustadkreditselskap halde utanfor.

Misleghald, tapsnedskringingar og tap

Misleghaldne og tapsutsette lån utgjer 29,5 mill. kr. pr. 30.09.2016. Dette er ein auke på 2,9 mill. kr samanlikna med same tidspunkt i fjor. Samla tapsnedskringingar har auka med 1,6 mill. kr siste år. Nedskrivning på grupper har auka og nedskrivning på enkeltengasjement har gått ned samanlikna med same tidspunkt i fjor.

Kapitaldekning

Ved utgangen av tredje kvartal 2016 er banken sin kapitaldekning berekna til å vere på 19,85 % mot 19,53 % på same tidspunkt i fjor. Banken sin ansvarlege kapital er rein kjernekapital. Perioderesultat så langt i år er ikkje teke med i utrekning av kapitaldekning då rekneskapet ikkje er revidert. Dersom banken sitt resultat pr. 30.09.2016 hadde vore inkludert i ansvarleg kapital, hadde kapitaldekninga vore på 21,05 %

Utsiktene for resten av året

Luster Sparebank sitt resultatrekneskap er godt. Utlånsveksten inkludert lån overført til Verd Boligkreditt AS er for dei første 9 månadane av 2016 på 7,4 % og ein har klart å nå målsetnaden på 6 % utlånsvekst for året under eitt. Likviditeten er god. Banken har god kapitaldekning. Styret er fornøgd med utviklinga så langt i 2016. Styret er ikkje kjent med forhold som tilseier noko anna utvikling for resten av 2016.

Gaupne, 14.10.2016

Styret for Luster Sparebank



Bjarne Venjum
styreleiar



Ove Nyland




Randi Kristin Bugge



Anette Stegegjerdet Norberg



Inge Teigen



Oddstein Haugen
banksjef

LUSTER SPAREBANK

RESULTATREKNESSKAP (1.000 KR)	30.09.16	% av GFK	30.09.15	% av GFK	31.12.15	% av GFK
Rente og kred.prov. utlån	62.692	2,69	72.140	3,23	94.373	3,17
Renteinntekter verdipapir og andre	1.392	0,06	4.321	0,19	5.600	0,19
Sum rente og kred./prov. inntekter	64.084	2,75	76.461	3,43	99.973	3,35
Rentekostnader kundar	16.356	0,70	26.393	1,18	34.718	1,16
Rentekostnader likviditet	6.946	0,30	8.204	0,37	9.602	0,32
Sum rentekostnader	23.302	1,00	34.597	1,55	44.320	1,49
Netto rente- og kredittprov.	40.782	1,75	41.864	1,88	55.653	1,87
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	7.705	0,33	1.953	0,09	3.252	0,11
Provisjons- og gebyrinntekter	8.809	0,38	7.888	0,35	10.961	0,37
Provisjons- og gebyrkostnader	-1.201	-0,05	-1.190	-0,05	-1.649	-0,06
Netto vinst/tap verdipapir	146	0,01	-186	-0,01	-689	-0,02
Netto vinst/tap valuta	233	0,01	209	0,01	374	0,01
Andre driftsinntekter	934	0,04	916	0,04	1.374	0,05
Netto andre driftsinntekter	16.626	0,71	9.590	0,43	13.623	0,46
Personalkostnader	11.900	0,51	11.855	0,53	16.688	0,56
IT-kostnader	5.671	0,24	7.160	0,32	8.107	0,27
Andre administrasjonskostnader	3.489	0,15	3.367	0,15	5.128	0,17
Ordinære avskrivningar	1.950	0,08	1.950	0,09	2.575	0,09
Andre driftskostnader	3.041	0,13	3.002	0,13	4.070	0,14
Sum driftskostnader	26.051	1,12	27.334	1,22	36.568	1,23
Driftsresultat før tap og gevinst/tap og nedskrivning/reversering på verdipapir som er anleggsmiddel	31.357	1,34	24.120	1,08	32.708	1,10
Tap på utlån, garantiar m.v.	2.851	0,12	1.697	0,08	3.303	0,11
Netto tap/vinst anleggsaksjar	0	0,00	-6.585	-0,30	-6.457	-0,22
Resultat før skatt	28.506	1,22	29.008	1,30	35.862	1,20
Skatt på ordinær drift	7.127	0,31	7.832	0,35	8.574	0,29
Resultat for perioden	21.380	0,92	21.176	0,95	27.288	0,92

BALANSE
(1.000 KR)

EIGENDELAR	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Kontantar, innskot i bankar	117.278	169.682	63.771
Utlån og fordringar på kredittinstitusjonar	60.398	43.848	211.070
Utlån til kundar	2.618.118	2.481.657	2.487.965
Tapsavsetjingar	-23.937	-22.308	-21.744
Sertifikater, obligasj. o. a. rentebærende verdipapir	12.787	223.365	32.628
Aksjar o.a. verdipapir med variabel avkastning	326.554	126.758	263.336
Utsett skattefordel	4.760	4.751	4.760
Driftsmidlar	7.532	9.134	9.462
Andre fordringar	25.171	20.789	16.170
Forskotsbet. og opptente inntekter	8.665	6.350	5.548
SUM EIGENDELAR	3.157.326	3.064.026	3.072.966

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	175.000	180.000	205.000
Innskot frå kundar	2.340.341	2.279.125	2.212.361
Obligasjonslån	199.566	184.303	249.365
Anna gjeld	30.044	43.816	13.293
Skatt	6.705	7.931	8.657
Pensjonsforpliktingar	11.327	0	11.327
Sparebankens fond og gåvefond	372.963	347.675	372.963
Resultat for perioden	21.380	21.176	
SUM GJELD OG EIGENKAPITAL	3.157.326	3.064.026	3.072.966

Garantiansvar	31.284	28.843	32.250
Pantsetjingar	15.000	15.000	19.841
Lån overført til Verd Boligkreditt AS	521.933	378.466	435.939

Note 1 Tap på utlån og garantiar

(tal i heile 1.000)	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Endring individuelle tapsnedskr. inkl amortisering	-1.431	-600	-902
Endring i nedskrivning på grupper av lån	3.900	1.800	1.700
Konstaterte tap i perioden med tidlegare nedskrivning	477	643	2.678
Konstaterte tap i perioden utan tidlegare nedskrivning	30	10	11
Inngang på tidligare konstaterte tap	-125	-156	-184
Netto tap på utlån og garantiar i perioden	2.851	1.697	3.303

Note 2 Misleghald

(tal i heile 1.000)	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Engasjement der inntektsføring av renter er stoppa	23.708	26.614	21.831
Misleghaldne engasjement > 90 dagar	22.243	30.823	35.327
- individuelle tapsnedskrivningar på desse	-4.824	-8.868	-7.065
- avsetnad amortisering på desse	-186	-569	-779
- attendeførte kapitaliserte renter på desse	-1.502	-2.430	-1.466
Netto misleghaldne lån etter nedskrivning og amortisering	15.731	18.956	26.017
Tapsutsette engasjement med individuelle nedskrivninger	7.271	0	130
- spesifiserte tapsavsetjingar på desse	-1.015	0	-100
- amortisering av tapsmerka	-212	0	0
- attendeførte kapitaliserte renter på desse		0	0
Netto ikkje misleghaldne eng. m/spes tapsavsetjing	6.044	0	30

Note 3 Nedskrivning på grupper

(tal i heile 1.000)	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Nedskrivning på grupper	17.700	11.050	13.800

Note 4 Ansvarleg kapital og kapitalkrav

(tal i heile 1.000)	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Sparebankenes fond	357.863	311.194	357.863
Gåvefond	15.100	11.500	15.100
-Fradrag	-16.435	-3.404	-25.500
Sum ansvarleg kapital (rein kjernekapital)	356.528	319.290	347.463

Engasjementskategorier (vekta beløp)

Stater og sentralbanker	0	0	0
Lokale og regionale myndigheter (herunder kommuner)	5.548	6.116	5.815
Offentleg eigde foretak	0	0	0
Institusjoner	25.976	78.457	42.745
Foretak	106.594	403.891	110.838
Engasjementer med pantesikkerhet i eiendom	1.321.010	824.512	1.251.532
Forfalte engasjementer	35.854	19.606	32.637
Obligasjoner med fortrinnsrett	281	21.352	280
Andeler i verdipapirfond	44.174	57.594	41.142
Egenkapitalposisjoner	75.930	0	55.919
Øvrige engasjementer	54.037	162.754	50.649
Berekningsgrunnlag kredittrisiko	1.669.404	1.574.282	1.591.557
Berekningsgrunnlag operasjonell risiko	126.904	123.843	126.904
Sum berekningsgrunnlag	1.796.308	1.698.125	1.718.461
Kapitaldekning			
Rein kjernekapital i % av sum berekningsgrunnlag	19,85 %	19,53 %	20,22 %
Krav til kapital			
Minimumskrav til ansvarleg kapital 8 % av sum berekningsgrunnlag	143.705	135.850	137.477
Ansvarleg kapital	356.528	319.290	347.463
Overskot av ansvarleg kapital	212.823	183.440	209.986
Herav rein kjernekapital som kan dekke bufferkrav	212.823	183.440	209.986
Bufferkrav			
Bevaringsbuffer 2,5 %	44.908	42.453	42.962
Systemrisikobuffer 3 %	53.889	50.944	51.554
Motsyklisk buffer 1,5 % frå 30.06.2016, 1 % før dette tidspunkt	26.945	16.981	17.185
Sum bufferkrav	125.742	110.378	111.700
Overskot rein kjernekapital	87.082	73.062	98.286

Note 5 Likviditet

	30.09.16	30.09.15	31.12.15
Liquidity Coverage Ratio (LCR)	109,0 %	124,0 %	123,0 %